

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 03.06.2019

Orienteringar

- Orientering om skulestruktur og elevorganisasjon v/ seniorrådgjevar Laila Kleppe

Åsmund Bergo Aarvik sette fram slik forslag til uttale til kunnskapsdepartementet:

«Ungdommens fylkesutval støtter forslaget til regjeringa om at enkelte delar av trafikkopplæringa blir sett på som godkjent fråvær. Dette er timer som vanskelig kan tas utanfor skuletida og der ein må vera klar og opplagt. "Vanlege kjøretimer" er lettare å få i fritimar og/eller etter skuletid og er rimeleg at må tas utanfor skuletida».

Ungdommens fylkesutval vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget. Saka vert sett på sakslista som ny sak utan saksframlegg.

Ungdommens fylkesutval slutta at Kjersti Helene Rasmussen Hidle gjev ei uttale til høring om nye læreplaner i skolen. Høyringsfrist er 18. juni.

Ungdommens fylkesutval slutta at Ida Heggland gjev uttale til fellesnemnda om reglement for medverknadsorgana sitt reglement i nye Vestland fylkeskommune. Frist 06.06.2019.